

Vaksdal kommune
Konsul Jebsensgate 16
5722 DALEKVAM

24. mars 2020

TILSYNSRAPPORT

Rett til spesialpedagogisk hjelp

- gjere vedtak

Vaksdal kommune

Sak 2020/612

Samandrag

Vi fører tilsyn med Vaksdal kommune. Temaet for tilsynet er retten til spesialpedagogisk hjelp. Under dette temaet kontrollerer vi undertema:

- Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp, jf. barnehagelova § 19 e., jf. § 19 a. og forvaltningslova §§ 2, 18, 19, og 27, og Barnekonvensjonen art 3.

Føremålet med retten til spesialpedagogisk hjelp er å gje barnet tidleg hjelp og støtte i til dømes språklege og sosiale ferdigheitar. Dette følger av barnehagelova § 19 a andre ledd. Hjelpa skal bidra til barnets utvikling og læring. Hjelpa skal også bidra til at barnet blir betre rusta til å starte på skule og til at barnet får nødvendig hjelp, slik at barnet sine vanskar blir avhjelpt på eit tidleg tidspunkt.

Når vi kontrollerer kommunen som barnehagemyndigkeit sin praksis for å gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp, er det for å sikre barnehagemyndigheitens regelverksetterleving på området. Det vil mellom anna si å undersøke at enkeltvedtaka er så klåre og tydelege at det er mogleg for foreldra å forstå kva som er omfang, innhald og organiseringa av den spesialpedagogiske hjelpa.

I dette tilsynet har Fylkesmannen funne at kommunen ikkje etterlever regelverket på alle område. Vi fann at:

- Kommunen sine vedtak om spesialpedagogisk hjelp ikkje inneheld informasjon om kva hjelpa skal gå ut på, kva timeomfang som er direkte hjelp til barnet, korleis hjelpa skal organiserast eller kva kompetanse dei som gjev hjelpa skal ha.
- Kommunen sine vedtak om spesialpedagogisk hjelp ikkje inneheld tilbod om foreldrerådgjeving.
- Kommunen gjev ikkje ei særskilt grunngjeving i dei tilfella vedtaka ikkje er i samsvar med sakkunnig vurdering.
- Kommunen tek ikkje stilling til kva som er barnets beste når den gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp.
- Kommunen sine vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld ikkje informasjon om klageinstans.

Kommunen fekk ein førebels tilsynsrapport og har uttalt seg innan fristen. Vår vurdering av kommunens tilbakemelding går fram av tilsynsrapporten. Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til 15. mai 2020.

Innhold

1	Innleiing.....	4
1.1	Kort om kommunen	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	4
2	Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp.....	5
2.1	Krav til innhald i vedtak.....	5
2.1.1	Rettsleg grunnlag.....	5
2.1.2	Fylkesmannens observasjonar og vurderingar.....	5
2.2	Plikt til å grunngje vedtak	9
2.2.1	Rettsleg grunnlag.....	9
2.2.2	Fylkesmannens observasjonar og vurderingar.....	9
2.3	Barnets beste	10
2.3.1	Rettsleg grunnlag.....	10
2.3.2	Fylkesmannens observasjonar og vurderingar.....	11
2.4	Informasjon om klagerett og innsyn	11
2.4.1	Rettsleg grunnlag.....	11
2.4.2	Fylkesmannens observasjonar og vurderingar.....	12
3	Varsel om pålegg om retting.....	12
4	De kan gje tilbakemelding på rapporten.....	13
	Vedlegg	14

1 Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndighet, jf. barnehagelova § 9 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om barnehagemyndigheita oppfyller barnehagelova med forskrifter.

Dersom barnehagemyndigheita ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

Våre tilsyn er offentleg myndighetsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Kort om kommunen

Vaksdal kommune er vald ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylte, og kva for konsekvensar det kan få for barna. Denne risikovurderinga byggjer på følgjande kjelder:

- Informasjon i Basil om tal barn i kommunen med spesialpedagogisk hjelp.
- Fylkesmannen si sektorovervaking. Fylkesmannen har generelt registrert ei uklar regelverksforståing når det gjeld grensegangen mellom barn si rett til spesialpedagogisk hjelp (§ 19 a) og rett til individuelt tilrettelagt barnehagetilbod (§ 19 g).

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Fylkesmannen opna tilsyn med Vaksdal kommune i brev frå 9. januar 2020. Kommunen blei pålagd å levere dokumentasjon til oss, og Fylkesmannen fekk dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet 31. januar 2020.

Temaet for tilsynet er retten til spesialpedagogisk hjelp.

Under dette temaet kontrollerer vi undertema:

- Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp, barnehagelova § 19 e., jf. § 19 a., jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27, og Barnekonvensjonen art 3.

Formålet med tilsynet er å kontrollere at kommunen oppfyller krava i regelverket når det gjeld barn under opplæringspliktig alder sin rett til spesialpedagogisk hjelp.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Vi sende førebels tilsynsrapport til dykk 28. februar 2020. I den førebelse rapporten presenterte vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar.

Føremålet med førehandsvarselet om vedtak i førebels tilsynsrapport er å avklare misforståingar og rette eventuelle feil. Kommunen har rett til å uttale seg før vi gjer vedtaket, jf. forvaltningslova

§ 16 og kan uttale seg om alt i rapporten. Det inneber vår beskriving av fakta, vår forståing av lova, våre vurderinger og våre reaksjonar.

De kommenterte innhaldet i den førebelse rapporten 23. mars. Vår vurdering av kommunens tilbakemelding går fram av tilsynsrapporten.

Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp

1.3 Krav til innhald i vedtak

1.3.1 Rettsleg grunnlag

Det er kommunen som barnehagemynde som er ansvarleg for å oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp for barn i kommunen, jf. barnehagelova § 19 a.

Enkeltvedtaket set rammene for barnets rett til spesialpedagogisk hjelp. Vedtaket skal vere individualisert. Enkeltvedtaket skal fastsetje barnets tilbod klart og tydeleg, og det skal klart og fullstendig seie kva slags hjelp barnet skal få på bakgrunn av den sakkunnige vurderinga frå PP-tenesta, jf. «Veilederen Spesialpedagogisk hjelp» frå Utdanningsdirektoratet.

Vedtaka kommunen gjer må innehalde informasjon om kva den spesialpedagogiske hjelpa skal gå ut på, og kor lenge ho skal vere, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav a og b. Det må òg gå fram av vedtaka kva for eit timeomfang hjelpa skal ha, det vil seie talet på timer hjelp per år eller per veke som barnet skal få, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav c. Det må òg gå tydeleg fram av vedtaket korleis hjelpa skal organiserast, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav d. Spesialpedagogisk hjelp skal som hovudregel givast av ein person med formell pedagogisk kompetanse, og vedtaket må vere tydeleg på kva for kompetanse som krevst av dei som skal gi hjelpa, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav e. Dersom delar av hjelpa skal givast av assistent, må dette gå tydeleg fram av vedtaket, og det må vere klart kven som er ansvarleg for å rettleie assistenten. I tillegg til ressursar som skal dekkje barnet sitt behov, må vedtaket òg omfatte tilbod om foreldrerettleiing, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav f.

1.3.2 Fylkesmannens observasjonar og vurderingar

Kontrollspørsmål: Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva hjelpa skal gå ut på?

Våre observasjonar

I eigenvurderinga svarar kommunen ja på spørsmål om vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneholder informasjon om kva hjelpa skal gå ut på.

Alle dei innsendte vedtaka frå Vaksdal kommune er utforma på same måte. Innleiingsvis har kommunen skrive kor mange timer pedagogisk hjelp som er tildelt, og kor lenge hjelpa skal vere.

I alle vedtaka er det også skrive at «Tildelinga er i samsvar med sakkunnig vurdering». Videre følgjer generell informasjon om spesialpedagogisk hjelp og det ordinære barnehagertilbodet, denne er lik i kvart vedtak. Under overskrifta «Grunngjeving for vedtaket» er det gitt informasjon om hjelpa som skal givast til barnet.

Vår vurdering

Kommunen som barnehagemyndighet skal skrive tydeleg i vedtaket kva hjelpa skal innehalde. Innleiingsvis vil Fylkesmannen kommentere at det gjer det vanskeleg for heimen å forstå kva hjelp deira barn har rett på, når beskrivinga av dette står under overskrifta «Grunngjeving for vedtak». For å gjere det tydeleg kva hjelp kommunen tildeler i vedtaket, bør kommunen samle informasjonen som skal gå fram av vedtaket etter barnehagelova § 19 e bokstav a) til f), på same sted, og ikkje under overskrifta «Grunngjeving for vedtak».

I fleire av vedtaka gir kommunen informasjon om kva type fokus hjelpa skal ha. I nokre vedtak skriv kommunen kva hjelpa skal innebere av konkrete aktivitetar og opplegg, som til dømes «TEACCH» og dagtavle. Når kommunen nemner konkrete hjelpetiltak og/eller -opplegg, og kva fokus hjelpa skal ha, blir det enklare for foreldra å forstå kva type hjelp deira barn skal få.

Likevel ser vi at kommunen i fleire tilfelle nyttar formuleringar som «det kan vere tenleg å nytte verktøy som til dømes», «nytte metodikk som» og «metodar som ... vil vere eigna». Generelle uttrykksmåtar kan gjere det vanskeleg for foreldre å forstå kva hjelp barnet blir tildelt. Det gjer også til at det i nokre tilfelle er opp til den som skal utføre hjelpa å definere det nærmare innhaldet i hjelpa.

Kommunen skriv i alle vedtaka at dei visar til sakkunnig rapport, og at tildelinga er i samsvar med sakkunnig vurdering. Om det går klart frem av den sakkunnige vurderinga kva som er tilrådd, kan vedtaket vise til denne. I sine vedtak har ikkje kommunen vist konkret til eller i kva del av den sakkunnige vurderinga dei meiner skildrar kva hjelpa skal gå ut på.

Fylkesmannen vurderer det slik at det i dei sakkunnige rapportane gjennomgåande er gitt meir detaljerte skildringar av kva hjelpa skal gå ut på, enn i vedtaka. Dei sakkunnige vurderingane gir også i nokre tilfelle svært mange forslag til kva aktivitetar og opplegg hjelpa skal gå ut på, og det er nokre gongar utspeideleg om dette utgjer tilrådinga eller vurderinga i den sakkunnige rapporten. Når den sakkunnige vurderinga fremmar mange ulike forslag til kva hjelpa skal gå ut på, vil det vere viktig at kommunen sitt vedtak visar til kva i den sakkunnige vurderinga dei meiner skal utgjere hjelpa som barnet skal få. Av Utdanningsdirektoratet sin rettleiar for spesialpedagogisk hjelp går det fram at dei anbefaler at kommunen berre tek inn dei delane av den sakkunnige vurderinga som eksplisitt er viktige for enkeltvedtaket. Ei generell tilvising til heile rapporten, bidrar ikkje til å tydeleggjere kva hjelp kommunen har tildelt barnet.

Fylkesmannen ser at kommunen til ein viss grad tydeleggjer kva fokus hjelpa skal ha, og, i enkelte tilfelle, klargjer konkrete aktivitetar og opplegg som skal inngå i den spesialpedagogiske hjelpa. Likevel finn vi at kommunen ikkje er tydelege på kva i den sakkunnige tilrådinga dei tildeler barnet i vedtaket. I mange tilfelle blir det derfor utspeideleg kva hjelpa skal gå ut på.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kor lenge hjelpa skal vare?

Våre observasjonar

I eigenvurderinga svarar kommunen ja på spørsmål om vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneholder informasjon om kor lenge hjelpa skal vare. I alle dei innsendte vedtaka går det fram at den spesialpedagogiske hjelpa skal vare for eit barnehageår.

Vår vurdering

Det går fram av alle vedtaka at dei skal vare for eit barnehageår, og kommunen har såleis informert om kor lenge hjelpa skal vare.

Krava i regelverket er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva timeomfang hjelpa skal ha?

Våre observasjonar

I eigenvurderinga svarar kommunen ja på spørsmål om vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneholder informasjon om kva timeomfang hjelpa skal ha. I alle dei innsendte vedtaka er det oppgitt kva tal årstimer barnet er tildelt. Vidare går det fram av vedtaka at den spesialpedagogiske hjelpa og skal innehalde rettleiing

Vår vurdering

Kommunen må skrive tydeleg i vedtaket kva for eit timeomfang hjelpa skal ha. Omfanget av tilbodet skal vere fastsett i talet på timer per år eller per vike. Ein gjennomgang av dei innsendte vedtaka viser at alle enkeltvedtaka opplyser eit tildelt timeomfang i årstimer.

Det går fram av forarbeida til barnehagelova at vedtaket bør opplyse om kor stor del av timane barnet har rett på direkte hjelp¹. Det kjem i tillegg til det overordna kravet til at det av vedtaket skal gå tydeleg fram kva slags tilbod barnet har rett til å få.

Vi ser at kommunen i fleire av vedtaka skriv at hjelpa også skal innebere rettleiing av personalet. På bakgrunn av dette blir det for Fylkesmannen ikkje tydeleg om heile det tildelte timeomfanget er tenkt som direkte hjelp til barnet, eller om kommunen meiner at det skal nyttast timer frå den tildelte ressursen til rettleiing av personalet.

¹ Prop. 103 L (2015-2016), merknad til § 19 e i barnehagelova.

I tilbakemelding til Fylkesmannen etter førebels rapport, kommenterer kommunen at det går fram av vedtaka at det timetalet som er oppgitt er det som skal gå direkte til barnet. Når det er tale om rettleiing av personalet, går det fram at dette skal skje gjennom modellæring, skriv kommunen. Dette inneberer at rettleiinga går føre seg ved observasjon av, eller deltaking i, den spesialpedagogiske hjelpa, altså samstundes som barnet får sitt vedtak oppfylt.

Modellæringen medfører at timane som er gitt i vedtak, vil verte brukt til direkte hjelp til barnet. Fylkesmannen ser likevel at det i større grad kunne vore klarare at rettleiinga av personalet ikkje vil medføre eit redusert timetal til direkte hjelp til barnet. Slik det står no, vert det ikkje klart om rettleiinga skal inngå i timeomfanget som er tildelt i vedtaket.

Ettersom kommunen ikkje klargjer kor mange timer som er meint til rettleiing av personalet, vert det uklart kva timetal som er tildelt direkte til barnet som spesialpedagogisk hjelp.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om korleis hjelpa skal organiserast?

Våre observasjoner

I eigenvurderinga svarar kommunen ja på spørsmål om vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld informasjon om korleis hjelpa skal organiserast.

I kommunen sine vedtak er det gitt korte skildringar av organiseringa av hjelpa. Til dømes står det at hjelpa skal organiserast «i korte økter i lita gruppe», «i små grupper med systematiske metodiske opplegg» eller «dels aleine og dels i lita gruppe». I tillegg står det følgjande i alle vedtak: «Det vises forøvrig til sakkunnig rapport». Innleiingsvis i alle vedtaka er det skreve at «Tildelinga er i samsvar med sakkunnig vurdering».

Vår vurdering

Det må gå tydeleg fram av vedtaket korleis hjelpa skal organiserast. Fylkesmannen ser at kommunen skriv at dei visar til sakkunnig rapport, og at tildelinga er i samsvar med sakkunnig vurdering. Fylkesmannen vurderer det slik at det i dei sakkunnige rapportane gjennomgåande er gitt meir detaljerte skildringar av korleis hjelpa skal organiserast, enn i vedtaka. Ved nokre tilfelle er det også tilråda ei anna organisering i den sakkunnige vurderinga, enn det som er tildelt i vedtaket. Slike skilnadar mellom sakkunnig vurdering og vedtak, gjer at det bli utydeleg kva organisering hjelpa skal ha i det enkelte tilfellet.

I fleire av vedtaka skal hjelpa inkludere rettleiing av personalet. I tilbakemelding til Fylkesmannen etter førebels rapport skriv kommunen at det går fram av vedtaka at rettleiinga av personalet skal gå føre seg gjennom modellæring, dette vil si gjennom observasjon av, eller deltaking i, den spesialpedagogiske hjelpa. Ettersom kommunen skriv at rettleiing av personalet skal skje via modellæring, og vi legg til grunn at dei aktuelle utøvarane av hjelpa kjenner omgrepene, vurderer vi det slik at det går fram av vedtaka korleis rettleiinga av personalet skal organiserast.

Fylkesmannen finn likevel at det i fleire tilfelle blir uklart korleis organiseringa skal vere i det enkelte tilfellet, ettersom organiseringa i vedtaket i mange tilfelle avvik frå den sakkunnige vurderinga. På bakgrunn av dette finn vi at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Inneholder vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva kompetanse dei som gjev hjelpa skal ha?

Våre observasjoner

I eigenvurderinga svarar kommunen ja på spørsmål om vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneholder informasjon om kva kompetanse dei som gjev hjelpa skal ha. Kommunen skriv vidare: «Viser til sakkunnig vurdering og at hjelpa skal innehalde rettleiing av avdelingspersonalet gjennom modelllæring. Det er pedagog på avdelinga som er ansvarleg for innhald, organisering og planar (IUP).»

I vedtaka er det ikkje oppgitt kva kompetanse dei som gjev hjelpa skal ha. Det går fram av vedtaket at tildelinga er i samsvar med sakkunnig vurdering. I fleire av dei sakkunnige vurderingane er det tilrådd at hjelpa skal gjevast av «pedagog/spesialpedagog».

Vår vurdering

Kommunen som barnehagemyndigkeit skal skrive tydeleg i vedtaket kva kompetanse som krevst av dei som skal gje hjelp til barnet. Kommunen viser i vedtak til den sakkunnige vurderinga. I dei fleste sakkunnige vurderingane går det fram at hjelpa bør givast av «pedagog/spesialpedagog». Det kan vere at PPT likestiller pedagog eller spesialpedagog. Det er viktig at vedtaksinstansen får klargjort dette forholdet. Slik vedtaka er utforma er det ikkje klart fastsett kva kompetanse som stettar behova til barnet, slik det vil kunne vere opp til barnehagen å velje kva kompetanse som skal nyttast.

Kommunen skriv i sine vedtak at det skal givast rettleiing av personalet. I eigenvurderinga går det fram at pedagog skal stå ansvarleg for innhald, organisering og planar. For Fylkesmannen blir det uklart kven kommunen meiner skal *utføre* hjelpa, og kva kompetanse denne personen skal ha.

Ettersom kommunen som barnehagemyndigkeit ikkje skriv tydeleg i vedtaket kva kompetanse som krevst av dei som skal gje hjelp til barnet, finn Fylkesmannen at kommunen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Inneholder vedtak om spesialpedagogisk hjelp tilbod om foreldrerådgjeving?

Våre observasjoner

På spørsmål om vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneholder tilbod om foreldrerådgjeving, svarar kommunen nei. Kommunen skriv at dette i praksis skal skje i samarbeidsmøte som til dømes i høve utarbeiding av individuell utviklingsplan (IUP), og at det er ansvarsgrupper og foreldresamtalar.

Vår vurdering

Kommunen må opplyse om korleis tilboden om foreldrerådgjeving kan gjennomførast og kor mykje tid som er sett av. Dette tilboden skal gå fram av vedtaket. Ingen av kommunen sine vedtak inneholder slik informasjon. Det er viktig å presisere at dette kjem i tillegg til ressursar og tid som skal bli sett av for å dekke barnet sitt behov for spesialpedagogisk hjelp.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at vedtaka om spesialpedagogisk hjelp inneholder tilbod om foreldrerådgjeving.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

1.4 Særskilt plikt til å grunngje vedtak

1.4.1 Rettsleg grunnlag

Dersom vedtaket avvik frå den sakkunnige vurderinga, må kommunen grunngi kvifor vedtaket ikkje følgjer tilrådingane, jf. barnehagelova § 19 e første ledd. Grunngivinga må vise kvifor vedtaket vil vere tilstrekkeleg til å oppfylle barnet sitt behov.

1.4.2 Fylkesmannens observasjonar og vurderingar

Kontrollspørsmål: Grunngjew kommunen vedtak som ikkje samsvarar med den sakkunnige vurderinga?

Våre observasjonar

På spørsmål om kommunen gir ei grunngjeving i vedtaket om vedtaket awiker frå den sakkunnige vurderinga, svarar kommunen at det ikkje har vore aktuelt, men at dei vil gjere det om det skjer.

I alle kommunen sine vedtak står det at «tildelinga er i samsvar med sakkunnig vurdering». På bakgrunn av dette, har ikkje kommunen gitt ytterlegare grunngjeving i vedtaket.

Vår vurdering

Fylkesmannen ser at kommunens vedtak er i samsvar med sakkunnig vurdering kva angår timeomfanget som den spesialpedagogiske hjelpa skal ha. Fylkesmannen ser likevel at kommunen i fleire tilfelle avvik frå den sakkunnige vurderinga kva angår kompetansen til den som skal utføre hjelpa, organisering av hjelp og kva hjelpa skal innebere.

Kommunen kan fråvike den sakkunnige vurderinga når dei gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp, men då må grunngjevinga for avviket gå fram av vedtaket. I grunngjevinga må kommunen vise korleis barnet likevel vil få naudsynt hjelp slik at barnets vanskar og utfordringar blir avhjelpt. I dei tilfella der kommunen avviker frå den sakkunnige vurderinga, kan ikkje Fylkesmannen sjå at kommunen har grunngjeve dette.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen har gitt ei særskilt grunngjeving når dei har gjort vedtak som avvik frå den sakkunnige vurdering.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

1.5 Barnets beste

1.5.1 Rettsleg grunnlag

Det må gå fram av vedtaket kva som er barnet sitt beste, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Barnet sitt beste er eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar som gjeld barn, og det skal mykje til for å setje det til side. I vedtaket må kommunen ta stilling til kva som er barnet sitt beste, og vurderinga må gå fram av vedtaket. Barnet sitt syn på den spesialpedagogiske hjelpa er svært viktig i vurderinga av kva som er til barnet sitt beste. Vedtaket må gjere synleg ei heilskapleg vurdering av barnet sin situasjon der barnet sitt behov for utvikling og læring må avvegast mot andre behov, for eksempel deltaking i fellesskapet og kvile.

1.5.2 Fylkesmannens observasjonar og vurderingar

Kontrollspørsmål: Tek kommunen stilling til kva som er barnets beste når dei gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp?

Våre observasjonar

I eigenvurderinga har kommunen som barnehagemyndigkeit svart ja på spørsmål om kommunen tek stilling til kva som er barnets beste når den gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

I vedtaka gir kommunen ei kort utgreiing om den spesialpedagogiske hjelpa under overskrifta «Grunngjeving for vedtaket». Kommunen viser også til den sakkunnige vurderinga.

Vår vurdering

I kommunen si utgreining i vedtak kan ikkje Fylkesmannen sjå at kommunen har gjort ei heilskapleg vurdering av barnet sin situasjon kor barnets behov for utvikling og læring er avvege mot eventuelle andre behov som til dømes deltaking i fellesskapet og behov for kvile. Det går heller ikkje fram kva som er barnets syn på den spesialpedagogiske hjelpa eller om barnet har fått høve til å gi sitt syn, noko som er svært viktig når kommunen vurderer kva som er til barnets beste. Slik Fylkesmannen ser det, går det ikkje fram av vedtaka at kommunen har vurdert kva som vil vere til barnets beste.

Fylkesmannen ser også at det berre er små avsnitt som er individuelt tilpassa det enkelte barnet i vedtaket, resten av vedtaket er standardtekst. Barnet har ein individuell rett til spesialpedagogisk hjelp, og det er viktig at kommunen baserer si vurdering og tildeling på det bestemte barnet og dette barnets beste, og at dette kjem fram av vedtaket.

Under grunngjevinga for vedtaket står det også at: «det vises forøvrig til sakkunnig rapport». I nokre tilfelle vil den sakkunnige vurderinga kunne ivareta avveginga av kva som vil vere til barnets beste, men i så fall må vurderinga vere tydeleggjort i den sakkunnige vurderinga. I kommunens vedtak er det ikkje vist til kor i den sakkunnige rapporten det er gjort ei vurdering av barnets beste, eller kva som går fram av denne vurderinga.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det går fram av vedtaka at kommunen har gjort ei vurdering av barnets beste, og krava i regelverket er dermed ikkje oppfylt.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

1.4 Informasjon om klagerett og innsyn

1.4.1 Rettssleg grunnlag

Vedtaka må informere om klagemogleheit, klagefrist, klageinstans, og om at klagen skal sendast til kommunen, samt om retten til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27.

1.4.2 Fylkesmannens observasjonar og vurderingar

Kontrollspørsmål: Inneheld vedtaket informasjon om høve til å klage, klagefrist, klageinstans og informasjon om at klagen skal sendast til kommunen?

Våre observasjonar

I kommunen sine vedtak er det informert om klagemogleheit, klagefrist og om at klagen skal sendast til kommunen. Det er også informert om retten til å sjå dokumenta i saka.

Om klageinstans er det skreve følgande i vedtaket:

«Dersom ein ikkje får medhald eller klage vert avsist, vert saka sendt vidare til neste klageinstans for endeleg avgjerd.»

Vår vurdering

I vedtaka har kommunen informert om klagemogleheit, klagefrist, at klagen kan senast til kommunen, og retten til å sjå dokumenta i saka.

Det kjem ikkje frem av kommunens vedtak at det er Fylkesmannen i Vestland som er klageinstans. Krava i regelverket er derfor ikkje oppfylt.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

2 Varsel om pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. barnehagelova § 9 første ledd, jf. kommunelova § 30-4:

Kommunen må syte for å gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp som oppfyller krava i barnehagelova kap. V A og saksbehandlingsreglane i forvaltningslova, jf. barnehagelova § 19 e., jf. § 19 a og forvaltningslova §§ 2, 18, 19 og 27.

Kommunen som barnehagemyndighet må i samband med dette sjå til at:

- Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld informasjon om kva hjelpa skal gå ut på.
- Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld informasjon om kva timeomfang som er den direkte hjelpa til barnet.
- Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld informasjon om korleis hjelpa skal organiserast.
- Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld informasjon om kva kompetanse dei som gjev hjelpa skal ha.
- Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld tilbod om foreldrerådgjeving.
- Kommunen grunnfir vedtak som ikkje samsvarar med den sakkunnige vurderinga.
- Kommunen tek stilling til kva som er barnets beste når den gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp.
- Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld informasjon om klageinstans.

2.1 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 15. mai 2020. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

3 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å gjere om vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger, 24. mars 2020.

Oda Eikeland Myrnes

tilsynsleiar

Fylkesmannen i Vestland

Vedlegg

Dokumentasjon:

- Eigevurdering frå barnehagemyndigheita, RefLex 1.12 til og med 1.25.
- Syv vedtak om spesialpedagogisk hjelpe med tilhøyrande sakkunnig vurdering.
- Tilbakemelding til førebels rapport, datert 23. mars 2020.